



Fagansvarleg for lærlingar i helse og omsorgsfag

Austrheim kommune

Søk på stillinga

Vil du vere med å forme framtidens arbeidskraft innan helse og omsorg? Er du ein stolt fagarbeidar, som ønskjer å bidra til å gjere ein forskjell?

Ja? Då må du lese meir om kvifor du skal søke stillinga som fagansvarleg for lærlingar!

Du vil bli ein del av eit arbeidsmiljø med eit høgt fagleg kompetansenivå, stor arbeidsglede, ein givande og meningsfylt arbeidskvardag med eit fokus på lærlingane si faglege og personlege utvikling.

Stillinga ligg innunder einingane Nordliheimen og Heimetenesta, samt i Arbeid og inkludering i eininga Vestlia. Stillinga er eit vikariat frå 21.08.2023 til og med 31.12.23.

Søknadsfrist:	09.06.2023	Stillingar:	1
Arbeidsgivar:	Austrheim kommune	Heiltid / Deltid:	Deltid
Stad:	AUSTRHEIM	Tilsetjingsfor...:	Vikar
Stillingstittel:	Fagansvarleg for lærlingar i helse og omsorgsfag	Stillingsprose...:	20
		Webcruiter-ID:	4669610955
		Startdato:	21.08.2023
		Sluttdato:	31.12.2023
		Sosial deling :	

Arbeidsoppgåver

- Ansvarleg for lærekontrakten mellom Austrheim, fylkeskommunen og lærlingen
- Ansvarleg for både helsefaglærlingar og TAF elevar
- Hovudansvaret for gjennomføring av opplæring i høve til Opplæringslova
- Kontaktpunktet til Opplæringskontoret for Nordhordland
- Koordinere og gjennomføre skulebesøk og delta på utdanningsmesser i samarbeid med einingsleiar, instruktørar og HR/kommunikasjon
- Planlegge hospitering/utplassering av elevar frå vidaregåande skule med tanke på rekruttering av nye lærlingar. Dette gjerest i samarbeid med einingsleiarane og instruktørar
- Hjelpe HR/driftsapparatet i rekrutteringsprosessen ved planlegging og inntak av lærlingar
- Bidra til at alle lærlingar blir følgt opp i heile lærlingløpet i kommune: fagleg, sosialt og psykososialt
- Overordna oversikt over nødvendige kurs og kompetanse for lærlingane innan sitt fag i samarbeid med stadleg leiar og instruktør
- Utarbeide årsplan som består av å koordinere utplassering
- Hjelpe lærlingar i fagprøven med å forbereda seg
- Etablere nettverk for lokale instruktørar og innkalle til kvartalsvis instruktørmøte

Kvalifikasjonar

- Fagbrev innan helsefag
- Gjennomført instruktørkurs
- God kjennskap til HMS
- Førarkort klasse B
- God erfaring med bruk av IKT
- God skriftleg og muntleg framstillingsevne

Personlege eigenskapar

- Interesse for fagområdet
- God vurderingsevne
- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- Jobbar nøyaktig og systematisk
- Personleg egnethet vektleggast

Vi tilbyr

- Spennande utfordringar og moglegheit til fagleg og personleg vekst
- Eit uformelt, engasjer og fagleg sterkt miljø med trivelege kollegaer
- Eit godt arbeidsmiljø, der vi tar vare på kvarandre og har fokus på samhald
- Attraktive forsikrings- og pensjonsordningar
- Funksjostillegg i lønn etter lokal særavtale
- Fastsette arbeidstidsordningar
- Ein trygg arbeidsgjevar

Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM, Norge



[Opne vegbeskriving](#)

Kontaktinformasjon



Odd Dommersnes
Økonomi og HR-sjef
☎ 469 60 281

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industrieventyret på Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!



Bruksvilkår Tilgjengelegheitserklæring for Webcruiter